



HØGSKULEN I VOLDA



Strategiplan for Høgskulen i Volda 2022-2029



Kompetanse for eit betre samfunn

Høgskulen i Volda (HVO) har tradisjonar tilbake til 1861. Men å utdanne menneske, å skape og formidle kunnskap og nøre til entusiasme for læring er ikkje ei oppgåve med sluttdato. Gjennom undervisninga og forskinga vår, i samskaping mellom tilsette, studentar og arbeidslivet, ønskjer vi å forandre og betre samfunnet. Mykje står att: Vår region er blant dei med lågast andel høgt utdanna i Noreg.

Alle som har prøvd å sykle, veit at god balanse gir best framdrift. I denne strategiplanen er det profilen og verdiane våre, dei historiske og kulturelle tradisjonane våre, som sikrar god balanse. Retning og framdrift får vi gjennom visjonen og ambisjonane våre.

Visjonen vår er «Kompetanse for eit betre samfunn». Med kompetanse meiner vi kombinasjonen av kunnskap, ferdigheter og klokskap, og også desse tre må balansere kvarandre.

Ambisjonane våre gir visjonen retning, og til saman utgjer visjonar og ambisjonar vegkartet vårt for åra fram til 2030. Ambisjonane er felles for heile HVO, og på fire utvalde område skal vi særleg heve oss i den første halvdelen av strategiperioden:

- Vi vil ha eit variert og nyskapande læringsmiljø: Vi skal bevare og vidareutvikle eit av dei beste studentmiljøa i landet.
- Vi har valt ut utdanninger som det skal satsast på, og som det blir stilt større forventningar til: lærar-, sosialarbeidar- og medieutdanningane våre.

- Vi vil løfte utvalde forskingsmiljø til å ta ei viktig nasjonal rolle.
- Vi skal samarbeide med andre for å leite etter løysingar på regionale utfordringar.

Blant dei største og mest synlege oppgåvene vi står framfor, er å utvikle ein eigen doktorgrad. Men vi vil også utvikle masterutdanninger på alle fagområda våre. Dette treng både den einskilde studenten og arbeidslivet. Og det gjer oss til ein betre forskings- og utdanningsinstitusjon.

Til saman gir dette store og spennande utfordringar for ein liten høgskule, men vi gler oss! Og vi ser fram til å gå laus på oppgåvene i lag med alle samarbeidspartnerane våre.

Kompetanse for eit betre samfunn skaper ein berre i lag med andre.

Volda, 9. desember 2021.
Rektor Johann Roppen



Samfunnsoppdrag

Vi skal skape og formidle kunnskap, bygge på demokratiske prinsipp og verdiar og bidra til eit høgt kompetansenivå og ei berekraftig utvikling i samfunnet.

Profil

Høgskulen i Volda bygger på samfunnsvitskap og humaniora og er ein profesjonsretta høgskule med høge faglege ambisjonar.

Vi utdannar for og forskar på velferdssamfunnet.

Vi møter behova i regionen, og vi er samstundes ein nasjonal og internasjonal aktør.

Vi tek eit særleg ansvar for å bevare og utvikle nynorsk språk og skriftkultur.



Visjon

Kompetanse for eit betre samfunn

Vi skal vere ei drivkraft for utvikling av kunnskap, ferdigheter og klokskap som bidreg til framsteg for individ og samfunn.

Vi skal skape entusiasme for læring, stimulere til deltaking for ei berekraftig verd og bygge på samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.

Verdiar

Nysgjerrig

Vi utforskar og utfordrar

Tett på

Vi er i dialog og skapar saman

Vidsynt

Vi er opne og inkluderande

Ambisjonar for strategiperioden 2022-2029

Dette er Høgskulen i Volda i 2030

- Utdanningane våre stimulerer til kritisk tenking, kreativitet og samarbeid, og vi legg til rette for livslang læring for eit arbeidsliv i stadig endring.
- Vi arbeider for ei berekraftig framtid i tråd med FN sine berekraftsmål og tek klima- og miljøomsyn i alle delar av verksemda.
- Vi har doktorgrad innanfor lærarutdanningane og ein felles doktorgrad i helse- og sosialfag i samarbeid med Høgskolen i Molde.
- Vi er nasjonalt leiande på studentengasjement og studentmedverknad og har eit av dei beste student- og læringsmiljøa i landet.
- Vi styrker og utviklar utdanningane våre gjennom tverrfagleg samarbeid i utdanning og arbeidsliv.
- Vi har ein sterk kultur for forsking og utviklingsarbeid og er leiande nasjonalt innanfor utvalde forskingsfelt.
- Vi er ein internasjonalt orientert høgskule og nyttar internasjonalisering for å styrke kvaliteten i utdanning og forsking.
- Vi er tett på behova i samfunnet og er førsteval i regionen når det gjeld etter- og vidareutdanning og samarbeid om forsking og utvikling, på våre fagområde.
- Vi har eit attraktivt høgskuleområde med læringsarenaer og møteplassar som fremjar innovasjon, digital kompetanse og samskaping mellom studentar, tilsette og arbeidslivet.
- Vi er kjende for å ha eit godt arbeidsmiljø, og det er attraktivt og meiningsfullt å arbeide ved HVO.



Strategiske satsingsområde 2022-2025



1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet



2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga



3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt



4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Strategiske satsingsområde 2022-2025



1. HVO skal ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet

Vi vil prioritere:

- studentmedverknad i utvikling av høgskulen og å skape eit mangfaldig og inkluderande læringsmiljø.
- å engasjere og utfordre studentane gjennom studentaktive arbeidsmåtar, forskingsbasert undervisning og internasjonalisering.
- å integrere berekraftsperspektiv i utdanningane våre.
- at studentar og tilsette skal utvikle relevant digital kompetanse¹.
- å utvikle eit attraktivt høgskuleområde som legg til rette for samhandling og kreativitet.
- å sikre langsiktig rekruttering og fagkompetanse.

¹ Med relevant digital kompetanse meiner vi at studentane skal utvikle yrkestilpassa digital kompetanse, og tilsette skal både ha utdanningsfagleg og yrkestilpassa digital kompetanse. Jamfør definisjonar i «Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren 2021-2025».

Strategiske satsingsområde 2022-2025



2. HVO skal heve ambisjonane innanfor lærarutdanningane, sosialfaga og mediefaga

Vi vil prioritere å:

- etablere ein ph.d. som gjer oss sjølvakkrediterande på lærarutdanningane.
- etablere master i barnevernsarbeid og vidareutvikle ph.d. i helse- og sosialfag.
- oppnå status som Senter for framifrå utdanning innanfor mediefaga.
- utvikle etter- og vidareutdanningstilbod av høg kvalitet innanfor dei nemnde fagområda.

Strategiske satsingsområde 2022-2025



3. HVO skal ha forskingsmiljø som er leiande nasjonalt og hevdar seg internasjonalt

Vi vil prioritere:

- utvalde forskingsmiljø som har potensial til å verte leiande nasjonalt og hevde seg internasjonalt, og som er strategisk viktige for høgskulen.
- å etablere fleire forskingssamarbeid med andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt.
- å arbeide for ein sterk kultur for forsking og utviklingsarbeid gjennom kompetansebygging, mentorering og kvalitetsorientering.
- å etablere fleire forskingssamarbeid med andre

Strategiske satsingsområde 2022-2025



4. HVO skal vere ein tydeleg samfunnsaktør i regionen

Vi vil prioritere å:

- utvide og vidareutvikle utdannings-, innovasjons- og forskingssamarbeid særleg med partnarar i det regionale arbeids- og kulturlivet.
- bidra til å realisere Norsk Innovasjonssenter for å skape engasjerande og relevante møteplassar med arbeidslivet i regionen.
- ha utvalde satsingar der vi tek eit særleg ansvar for å møte regionale behov.



HØGSKULEN I VOLDA

Strategiplan vedtatt av høgskulestyret 09.12.2021
www.hivolda.no

Grafisk design ved Fantastiske Osberget